



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

Vår dato: **01 MAR 2013**

Vår ref.: NVE 201205386-4 kv/genn

Arkiv: 312 /112.AA210

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

George Nicholas Nelson

22 95 92 17, genn@nve.no

Høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Vindøla kraftverk i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke

NVE har motteke melding frå Norges Småkraftverk AS om å få byggje Vindøla kraftverk i Surnadal kommune. Meldinga blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfrist er **30. april 2013**. NVE vil halde eit ope møte i løpet av høyringsperioden. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender uttale.

Meldinga blir handsama etter reglane i plan- og bygningslova om konsekvensutgreiingar. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Føremålet med meldinga er å varsle tidleg om tiltaket og å fremje forslag til dei forholda som bør utgreiast nærare og kva søkjar må ta omsyn til under den vidare planlegginga. NVE vil fastsetje eit konsekvensutgreiingsprogram for tiltaket med grunnlag i meldinga, uttalane til denne og eigne vurderingar.

Eit eksemplar av brosjyren som er utarbeidd for prosjektet ligg ved. Meldinga er tilgjengeleg på internettsida til NVE: www.nve.no/vannkraft. Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av meldinga kan dei kontakte Olav Helvig hos Norges Småkraftverk på

e-post: olav.helvig@smaakraftverk.net eller tlf: 55 25 66 97 / 482 88 683 .

Vi ber Surnadal og Rindal kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av meldinga ut til offentliggjennomsyn på sørvistorget i Surnadal kommune og i kommunehuset i Rindal kommune fram til **30. april 2013**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

I løpet av høyringsperioden vil NVE halde eit ope møte om prosjektet. Tid og stad for møtet vil NVE kunngjere seinare. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av meldinga, og søkjar vil orientere om planane og forslag til utgreiingsprogram.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst


Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fråsegrer skal sendes via internett på www.nve.no/vannkraft, på e-post til nve@nve.no eller i brev til NVE - Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast innan **30. april 2013**.

Fråsegrer eller deler av fråsegrer vil bli referert i saka. Fråsegrer er offentlige dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

NVE ber om at Sametinget og andre representantar for samiske interesser i si fråsegn gir tilbakemelding på om de ønskjer konsultasjon i samband med meldinga og fastsetjinga av utgreiingsprogrammet.

Med helsing



Carsten Stig Jensen
seksjonssjef



George Nicholas Nelson
senioringeniør

Vedlegg: 3 kopi av kunngjering
 brosjyre – planlagt utbygging av Vindøla kraftverk
 melding etter adresseliste – planlagt utbygging av Vindøla kraftverk

Kopi: Norges Småkraftverk AS

Adresseliste for: Norges Småkraftverk AS - Melding om Vindøla kraftverk, Surnadal kommune i Møre og Romsdal fylke

Handsamast etter: Plan- og bygningslovas reglar for konsekvensutgreiingar.

Blir kunngjort av NVE ein gong i: Driva

Alle på adresselista får kopi av kunngjering og brosjyre.

Til info	Antall meld.	Navn, adresse
	2 + 2	Surnadal kommune, 6650 Surnadal
	2 + 2	Rindal kommune, 6657 Rindal
		Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
		Møre og Romsdal fylkeskommune, Julsundveien 9, 6404 Molde
x		Olje- og energidepartementet, Pb. 8148 Dep, 0033 Oslo
x		Statens Landbruksforvaltning, Pb. 8140 Dep, 0033 Oslo
		Mattilsynet/regionkontor Troms og Finnmark, Pb. 383, 2301 Brumunddal
		Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 6, 6025 Ålesund
		Direktoratet for naturforvaltning, 7485 Trondheim
		Norges geologiske undersøkelser, 7491 Trondheim
		NGI, Pb. 3930 Ullevål Stadion, 0806 Oslo
		Statens vegvesen, Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
		NTNU Vitenskapsmuseet, Erlings Skakkes gt. 47, 7012 Trondheim
		Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim
		Reindriftsforvaltningen, Postboks 1104, 9504 Alta
		Sametinget, avd. for rettigheter, næring og miljø, Ávjovárgeaidnu 50, 9730 Karasjok
		Norske Reindriftssamers Landsforbund, Postboks 508, 9001 Tromsø
		Friluftslivets fellesorganisasjon, Nedre Slottsgate 25, 0157 Oslo
		FNF Møre og Romsdal, Kommunehuset, 6631 Batnafjordsøra
		Naturvernforbundet, Grensen 9 B, 0159 Oslo
		Naturvernforbundet i Møre og Romsdal v/Øystein Folden, 6630 Tingvoll
		Møre og Romsdals Turistforening, Postboks 486, 6401 Molde
		Norges Jeger- og fiskerforbund, Postboks 94, 1378 Nesbru
		NJFF-Møre & Romsdal, Årøseterveien 35, 6422 Molde
		Surnadal JFF v/ Anders Magne Ormset, Skeivegen 23, 6650 Surnadal
		Norges Padleforbund, Serviceboks 1, Ullevål Stadion, 0840 Oslo
		Møre og Romsdal Bondelag, Postboks 2047, 6402 Molde
		Norske Lakseelver, Postboks 9354 Grønland, 0135 Oslo
		Svorka Energi AS, Svartvassvegen 6, 6650 Surnadal
		Istad Nett AS, Plutovegen 5, 6419 Molde